

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 25. mars 2015 13:15
Til: Offentlig Ettersyn ABO-ARK
Emne: Oppstartsmelding - Lindås - Gnr 234 Bnr 6 68 77 mfl - Ostereidet sentrum - Områdereguleringsplan

Vi syner til brev dagsett 23.03.15 og varsel om oppstart av områdeplan for Ostereidet sentrum. Føremålet med oppstart av områdeplanen er kravet i kommuneplanen sin arealdel til omregulering av felt T1, B2 og B3.

Området er i gjeldande reguleringsplan sett av til bustad, næringsområde, forretning, anna friområde, etc. I kommuneplanen sin arealdel er området sett av til sentrumsområde, framtidig offentleg og privat tjenesteyting, bustadområde og LNF.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikke er i strid med nasjonale føringer for arealpolitikken.

Fylkesmannen poengterer at alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningsloven §3-1. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. Regional plan for folkehelse 2014-2025. Alle planar krev god medverknad og barn og unge skal vere høyrd og teke omsyn til i planprosessen.

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggteknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følge av tiltaket.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

mvh

Jan Vidar Voster
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland